

# **PROSJEKTPLAN**

## ***Utgreiing av skulestruktur i Fjaler***

*Prosjektansvarleg:*

**Ola Hovland**  
**Kommunedirektør**  
**Fjaler kommune**

*Prosjektleder:*

**Kjell Roger Stien**  
**Kommunalsjef oppvekst**  
**Fjaler kommune**

### **1. MÅL OG RAMMER**

#### **1.1 Bakgrunn**

Det vert synt til kommunestyrevedtak 074/25 der kommunestyret vedtek mandat for arbeid med utgreiing av skulestruktur.

Fjaler kommune driv dyrare på skule samanlikna med andre kommunar i kostragruppe 5. Siste halvanna åra har det vore jobba målretta med å redusere driftsnivået. Likevel manglar framleis kr 10 millionar i dei åra vi har høge inntekter frå havbruksfondet og rundt kr 20 mill dei åra vi har mindre frå havbruksfondet - for å nå anbefalt nivå om netto driftsresultat på 2%.

For å sikre ei berekraftig drift og eit godt tenestetilbod også på lengre sikt, er det behov for ei heilskapleg og kunnskapsbasert utgreiing av skulestrukturen.

## 1.2 Målstruktur

Nivå	Skildring	Suksesskriterie
<b>Verksemdsmål (overordna mål):</b>	Å komme i budsjettbalanse og å få til positivt netto driftsresultat på skule.	Reduksjon av driftskostnader til skule er heilt nødvendig for å unngå ROBEK og for å kunne gjennomføre naudsynte investeringar framover.
<b>Effekt mål (kvifor):</b>	Det skal leggest fram ei sak til kommunestyre som avklarar framtidig skulestruktur i Fjaler kommune.	Saka skal innehalde ein informativ og god rapport som gjev eit godt grunnlag for politisk vedtak
<b>Resultatmål (kva):</b>	<p>Det skal utgreiast følgjande alternativ sett opp mot dagens situasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Flekke skule til Dale (Dingemoen skule)</li><li>• Flekke skule 5.-7. trinn til Dale (Dingemoen skule)</li><li>• Våge skule 8.-10. tinn til Dale (Dingemoen skule)</li><li>• Analyse og vurdering av samfunnsøkonomiske, pedagogiske og driftsmessige konsekvensar ved ulike skulemodellar.</li></ul>	Arbeidet skal byggje på systematisk innsamling og strukturering av relevant fakta og data. Prosessen skal gjennomførast med god involvering og medverknad frå tilsette, elevar, føresette og tillitsvalde. Det skal utarbeidast ein rapport som skal vere grunnlag for politisk drøfting og vedtak

## 1.3 Rammer og avgrensing

For å sikre ei berekraftig drift og eit godt tenestetilbod også på lengre sikt, er det behov for ei heilskapleg og kunnskapsbasert utgreiing av skulestrukturen. Føresetnaden er at utgreiinga skal gje politisk nivå eit solid beslutningsgrunnlag før eventuelle vedtak om endringar i skulestrukturen.

Arbeidet skal byggje på systematisk innsamling og strukturering av relevant fakta og data. Prosessen skal gjennomførast med god involvering og medverknad frå tilsette, elevar, føresette og tillitsvalde.

Det skal utarbeidast ein rapport som skal vere grunnlag for politisk drøfting og vedtak.

## 2. PROSJEKTORGANISASJON

Kven	Tittel	Arbeidsstad	Namn
Oppdragsgiver*	Kommunestyret		
Styringsgruppe	Formannskapet inkludert representant frå uavhengig og repr. frå SV		
Prosjektansvarleg (PA)*	Kommunedirektør		Ola Hovland
Prosjektleiari (PL)*	Kommunalsjef oppvekst		Kjell Roger Stien
Prosjektgruppa*	Rektorar, hovudtillitsvald UDF, hovudverneombod, Økonomikonsulent, representant frå teknisk etat konsulent frå konsulentfirma		Eli-Terese Sande, Gard H. Felde, Birte Myklebust, Elisabeth Hove, Petter Hagenlund, Ole Robert Holm Solheim, Konsulent??
Referansegruppe	Skuletilsette, elevråd, FAU/SU plasstillitsvalde/-verneombod		

### 3. PROSJEKTOPPFØLGING

#### Milepælar

Dato	Tilstand/Hending
8.januar	Formannskapet vedtek prosjektplanen
januar	Etablering av prosjektgruppe- oppsett av møteplan i samarbeid med konsulentfirma
januar	Befaring på skular
Februar- mars	Møte med dei ulike partar, Tilstandsrapport Flekke skule. Intervju, analysar
Mars	Førebels tiltaksrapport vert laga og sendt ut på høyring
april	Møte om ulike løysingar
juni	Oppsummere høyringar, endeleg tiltaksrapport, sluttmøte med konsulent
August	Handsaming i Formannskapet
September	Handsaming i Kommunestyret

## 4. RISIKOVURDERING

Risikofaktor	Konsekvens	Mottiltak
<b>Manglande tillit i prosessen.</b>	Mistillit mellom administrasjon, politisk nivå, tilsette, føresette og lokalsamfunn kan føre til motstand, polarisering og svekka legitimitet.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablere open og føreseieleg kommunikasjon med fast informasjonsplan (kva, når og korleis).</li> <li>• Klargjere og kommunisere mandat, mål og rammer for utgreiinga tidleg i prosessen.</li> <li>• Sikre openheit om metode, kriterium og datagrunnlag som vert brukt i utgreiinga.</li> <li>• Dokumentere og publisere delresultat og vurderingar fortløpande.</li> <li>• Leggje til rette for reelle dialogarenaer, ikkje berre informasjonsmøte (t.d. opne møte med spørsmål og svar).</li> <li>• Tydeleg skilje mellom fagleg utgreiing og politisk beslutning</li> </ul>
<b>For svak medverknad</b>	kan svekkje eigarskap og føre til konfliktar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide ein eigen medverknadsplan som del av prosjektplanen.</li> <li>• Definere kven som skal medverke, på kva tidspunkt og i kva form (tilsette, elevar, FAU, SU, tillitsvalde, lokalsamfunn).</li> <li>• Bruke fleire former for medverknad: <ul style="list-style-type: none"> <li>- arbeidsgrupper / referansegrupper</li> <li>- høyringar</li> <li>- dialogmøte / verkstader</li> <li>- digitale innspel</li> </ul> </li> </ul> <p>Sikre at medverknad skjer tidleg nok til å påverke, ikkje berre kommentere ferdige forslag.</p> <p>Klargjere kva medverknad kan påverke – og kva som ligg utanfor prosjektet.</p>

		Dokumentere og synleggjere korleis innspel vert vurderte og brukt.
<b>Uklåre roller og ansvar</b>	Kan føre til dobbeltarbeid, manglande framdrift eller feil forventningar.	<p>Utarbeide ei tydeleg rolle- og ansvarsavklaring i prosjektplanen:</p> <p>Avklare skiljet mellom: administrativt ansvar, fagleg utgreiing, politisk styring og vedtak</p> <p>Sørgje for at alle involverte får tydeleg informasjon om eigen rolle og mynde.</p> <p>Ha faste møtepunkt mellom prosjektleiing og styringsgruppe for avklaringar.</p>

## 5. INTERESSENTAR OG KOMMUNIKASJONSPLAN

Ein konkret kommunikasjonsplan vert utarbeidd når planen er godkjent i samband med når prosjektgruppa startar opp arbeidet med utgreiinga.

## 6. GJENNOMFØRING

Konkret gjennomføringsplan vert laga etter at denne planen er godkjent politisk og i samarbeid med konsulentfirma, prosjekteigar og prosjektgruppe.

Periode 2026	Aktivitet	Viktige deloppgåver
Januar	Prosjektplanen vert vedteke i formannskapet	
Januar	Oppstartmøte med konsulent, prosjektgruppe og prosjekteigar	Gjennomgå mandat og utkast til prosjektplan
Januar	Befaring på skulane	Tilstandsrapport Flekke skule
Februar	Diverse intervju	Administrasjonen, rektorar, teknisk etat, samt tillitsvald og FAU i skulane
Februar	Analyser og møte	Analyserapport og møte med prosjektgruppe og politisk styringsruppe
mars	Utgreiing av tiltak og møter om desse	Konsulent lagar tiltaksrapport i samarbeid med prosjekteigar/prosjektgruppe
mars	Møte om tiltak med styringsgruppe	Gå gjennom utkast til endeleg rapport, Vedta høyringar
mars	Sende rapport ut til høyring	Høyringsfrist om lag to månader
april	Møte om alternative løysingar	
juni	Oppsummere høyringsuttalar	
juni	Lage endeleg tiltaksrapport	Konsulentfirma lagar rapport
juni	Sluttmøte med prosjekteigar/-leiar	Avslutte konsulentoppdrag
August/september	Formannskapsmøte og kommunestyremøte	Politisk handsaming av skulestrukturen

## 7. ØKONOMI

Førebelse vurderingar av innkomne tilbod tyder på at det ikkje vil vere behov for ytterlegare

løyvingar til prosjektet.